

11.09.2015

SPAR inviterer til stor kundefest.



SPAR og Bente Nilsen, Kjersti N. Børve og Gunn Mari Moberg inviterer til storslått kundefest første laurdag i oktober.

**Spar Uskedalen slår verkeleg på stortromma når dei inviterer til kundefest laurdag 3.oktober. Også tidlegare har kundearrangementa til butikken vore svært så vellukka, og etter å ha høyrt litt om programmet på den komande festen, vil det garantert verta ein suksess. Her vert det eit program som treff alle uansett alder, interesse og smak!**

- Vi vil arrangera denne festen for å visa at vi set pris på alle dei gode kundane våre. Med denne kundefesten vil vi gje noko tilbake til kundane våre og bygda. Vi håpar det vert ei skikkeleg feststund for alle som kjem, fortel dagleg leiar Bente Nilsen. Ho legg til at festen startar kl.12, og så går det slag i slag eit par timars tid. Ho kan også fortelja om eit svært spennande program.

Etter at dei tidlegare har hatt god lokal underhaldning, har dei no henta inn to underhaldarar i nasjonal toppklasse. Her vil vi få oppleva både den humoristiske ordkunstnaren og kåsøren, og den kjære musikaren og songaren med forkjærleik for ballade- og visesjangeren. Sjølv om dei vert sett pris på i heile landet, er begge svært så solid forankra i vestlandskulturen. Kven dei er, får de vita om 14 dagars tid. I mellomtida får ein leve i spenning, men det er berre å byrja å glede seg! Eg trur det vil treffen alle skikkeleg heime!!

- Elles vil vi få besøk av rodeo-oksen Teobald som var populær på festen for 2 år sidan, fortel Bente samstundes som ho ramsar opp ei rekke aktivitetar som quiz, rebusløp og konkurransar.
- Litt servering av diverse, skal det også bli, slik at dei frammøtte verkeleg skal kunna slappa av og kosa seg, avsluttar Bente.

Same teltet som vart brukt for 2 år sidan, skal også brukast i år. Denne gongen vert det plassert nede på Sandakaien. Dermed vert det litt meir avskjerma, og det lettar trafikkavviklinga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen